



Multiconsult Norge AS  
Nedre Skøyen vei 2  
0276 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2833 - 19/560

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

09.01.2019

## Godkjenning - Løyve til etablering av vass-og avlaupsanlegg - gbnr 10/229 Holme langs Fv 247 til Gbnr 12/4 Tveit

### Administrativt vedtak. Saknr: 06/2019

**Tiltakshavar:** Meland kommune

**Ansvarleg s kjar:** Multiconsult Norge AS

**S knadstype:** S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg s kjar har p  vegne av tiltakshavar, Meland kommune, s kt om l yve til plassering av vass- og avlaupsanlegg over gbnr 12/4 m.fl. p  Tveit fram til Gbnr 10/229 p  Holme langs Fylkesvegen 247. Anlegget skal koplast til eksisterande kum p  Gbnr 12/4 og traseen g r vidare til p koping ved Fylkesvegen 564 i samsvar med tilsendt situasjonskart D1-D4. Anlegget skal ligge under bakkeniv  og vert ikkje synleg.

Det vart s kt om dispensasjon fr  planf rem l LNFR opphavleg, men administrasjonen vurderer at tiltaket er i samsvar med kommuneplanen sine f resegner pkt. 1.6.0. Tiltaket dermed krev ingen dispensasjon.

Vi viser til s knad med vedlegg journalf rt motteke 19.12.2018.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har vore nabovarsla. Det kom ingen merknad i saka.

Statens vegvesen har uttalt seg i uttale, datert den 17.12.18. Vilk r fr  vegvesenet skal takast vare p .

#### Privatrettslege tilh ve:

Tiltakshavar er ikkje sj lv grunneigar til dei av eigedomane som er omfatta av s knaden.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Bes ksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det følger av pbl § 21-6 andre setning at dersom det står fram som «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har nødvendige privatrettslege rettigheter som søknad føreset, skal søknaden avvist.

Eigar av to av grunneigedomane som vert råka av tiltaket, gbnr 10/85 og 10/157, har signert erklæring om rettighet i fast eigedom. Resterande grunneigarar har ikkje signert. Under føresetnad av at ein ikkje set i gang arbeid på dei aktuelle eigedomane før eigarane har signert, finn ikkje bygningsmynde grunnlag for å avvise søknaden etter pbl § 21-6. Vi preserer at eit løyve etter plan- og bygningslova ikkje inneber ei avgjerd av privatrettslege tilhøve.

Signert avtale frå resterande grunneigarar må sendast inn og registrerast på saka før arbeidet på eigedomane kan setjast i gang.

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vass- og avlaupsleidning er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På grunn av lengda er tiltaket søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidningen er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Under føresetnad av at terrenget vert tilbakeført til slik det er i dag, kan ikkje administrasjonen sjå at tiltaket vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrift. Tiltaket er dermed ikkje i strid med LNF-formålet, og er dermed heller ikkje avhengig av dispensasjon frå arealformålet.<sup>1</sup>

#### Plassering:

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at kommunens skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til branntryggleik, lys og luft ikkje får betydning.

#### Privat rett til framføring av vass- og avlaupsleidning:

Det følger av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.»

Tiltakshavar har fått løyve til graving og plassering av vass- og avlaupsleidning over gbnr. 10/85, 10/157, 12/229, 11/36 og 12/41 ved avtale motteke 20.12.18 og uttale frå statens vegvesen, datert 17.12.18. På bakgrunn av dette har tiltakshavar sikra rett til framføring av vass-og avlaupsleidning i samsvar med pbl § 27-1.

Når det gjeld gbnr. 12/4, 12/2,3, 11/6, 10/74, 10/20,35,86 og 10/52,53,218 er avtaler under utarbeiding. Signert avtale frå resterande grunneigarar må sendast inn og registrerast på saka før arbeidet på eigedomane kan setjast i gang. Først då er kravet om privat rett til framføring etter pbl § 27-1 oppfylt.

#### Ansvarsrett:

---

<sup>1</sup> Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet i tolkningsuttalelse datert 10.6.2015, ref: 15/2054-3.

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 20.12.18. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til plassering av vass- og avlaupsleidning som omsøkt i strekninga på Holme frå gbnr.10/229 til Tveit gbnr 12/4 m.fl.på følgjande vilkår:*

- 1. Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonsplanar D1-D4 og terrenget skal tilbakeførast og såast i.*
- 2. Vilkår frå Statens vegvesen i uttale, datert 17.12.18 skal takast vare på.*
- 3. Signerte avtaler med grunneigarar på gbnr 12/4, 12/2,3, 11/6, 10/74, 10/20,35,86 og 10/52, 53, 218 skal sendast inn før arbeid på desse eigedommar kan utførast.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

D1-D4 Situasjonsplaner

G1\_Gjennomføringsplan versjon 1

I1\_Uttalelse fra SVV- VA-anlegg - Gnr. 10 bnr. 229 - fv. 247 - Melandvegen

**Kopi til:**

Meland kommune

Postboks 79

5906

FREKHAUG

**Mottakrar:**

Multiconsult Norge AS

Nedre Skøyen vei 0276  
2

OSLO